



Land og bruk

Nummer 2 - 2014

Juni 2014

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

Nyttig informasjon

Nytt Landbruksdirektorat

Det blir oppretta eit nytt direktorat under namnet Landbruksdirektoratet. Frå og med 1. juli 2014 tek det nye direktoratet over oppgåver og personell frå Statens landbruksforvaltning og Statens reindriftsforvaltning.

Landbruksdirektoratet får ansvar for alle fagområda innan landbrukssektoren.

Manuelle utbetalningar av produksjonstilskot

Vi er no inne i ei hektisk tid med utbetaling av tilskot som ikkje har blitt utbetalt gjennom det vanlege systemet.

Når de sender inn saker for manuell utbetaling eller etterbetaling, skal kopi av vedtaksbrevet til søkeren leggjast ved. Det må i brevet skal det gå fram kvifor det skal gjerast ei etterbetaling/utbetaling til føretaket. Legg med naudsynt dokumentasjon. Sjå e-post sendt ut 6. juni 2014 frå Fylkesmannen, her står det meir detaljar om kva de skal sende inn.

Sjå **rundskriv 13/1-2** frå SLF kap. 10 *Behandling av klage*. Her står det noko om korleis slike saker skal behandlast.

Send sakene via e-post til:

fmro_direktetilskot@fylkesmannen.no

NB! Dersom sakene inneheld personsensitive opplysningar, skal dei **ikkje** sendast via e-post. Dei skal sendast i vanleg post.

Personalendringar

Tilbake frå permisjon

Linn Borsheim er tilbake frå fødselspermisjon 1. juni.

Arrangementskalender

21. august

Tilskotssamling

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Linn Borsheim

September

Fagdag/fagtur med tema BU og SMIL

Stad: Finnøy

Kontaktpersonar: Nono Dimby, Aart Magnussen og Sissel C. Endresen

Hausten

Skogfagleg samling/kurs

Kontaktperson: Lars Slåttå

22. oktober

Dialogmøte landbruksforvaltninga

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen



«Mange små mennesker på mange små steder som gjør mange små ting, kan forandre verden.»

Afrikansk ordtak

Landbruksdirektørens hjørne



Mykje å gle seg over, trass i mange utfordringar

v/Hadle Nevøy

Det er viktig å kunne gle seg over det som vi opplever som flott og positivt i ein travel kvardag. I ei tid der kamera, mikrofonar og pennar er mest opptatt av å skildre elende, katastrofar, konflikhtar og svikt i offentlege tenestar, rutinar eller andre feil og manglar, er det viktig å stoppe opp og kjenne på kor godt det gjer å tenkje på det som er flott og positivt.

Våren, og sommaren så langt, har vore veldig god. Vårnarbeidet kunne starte tidleg i heile fylket og vertilhøva var gunstige. Sjølv om det er store forskjellar mellom ulike område i fylket vårt, har eg likevel inntrykk av at dei aller fleste bøndene fekk ein god start på vekstsesongen.

Kontrasten til fjoråret er stor. Mange kjenner nok fortsatt på verknadane av den vanskelege våren i fjor, både økonomisk og mentalt. Derfor er det kanskje ekstra grunn til å gle seg over den fine starten på årets vekstsesong. Dyra kom tidleg ut på beite og det dei har hatt ei fin tid så langt gjennom våren og sommaren.

Eit skår i gleda er likevel at ein del skog er øydelagt. Kraftig vind gjennom store deler av vinteren førte til noko vindfall. Verre er det at ein del bartre ser ut til å ha døydd ut i løpet av vinteren, truleg grunna uttørking i den kraftige vinden. Omfang og årsak(ar) er kanskje ikkje endeleg avklarte, men skadane vil merkast i form av tapte verdiar og mykje ekstra arbeid for dei det gjeld.

Første grasslått er unnagjort for dei fleste. God grasvekst og godt ver la godt grunnlag for at mykje godt fôr alt er sikra. Resten av vekstsesongen vil avgjere om året samla blir eit kronår. Grønsaker av god kvalitet har alt kome på marknaden, og utsiktene for gode avlingar for dei kulturane som treng lenger veksetid ser lovande ut.

Jordbruksoppgjøret er i hamn. Mange av oss var spente på kva tilbod den nye regjeringa ville kome med. Vi kjenner den vidare gangen, og mange følgde utviklinga frå dag til dag gjennom brei mediedekking. Bondeorganisasjonane og opposisjonen på Stortinget blei kraftig provoserte, ikkje berre på grunn av ramma for oppgjøret, men kanskje vel så mykje på grunn av innretninga. Staten sitt tilbod inneber betydelege endringar i landbrukspolitikken med relativt store verknadar for mange bruk. Oppgjøret kom ikkje endeleg i hamn før støttepartia til regjeringa, Krf og V, gjennom drøftingar i Stortinget hadde forhandla fram endringar.

Det er ikkje vanskeleg å forstå at bondeorganisasjonane både er skuffa og provoserte, sjølv om mange nok frykta at oppgjøret i år ville by på større kutt i budsjettoverføringane enn kva som kom. Regjeringspartia H og Frp har gjennom lang tid vore kritiske til både til nivået på budsjettoverføringane og til innretninga som den førre regjeringa stod for.

På den positive sida av vektstanga registrerer vi støtte til jordbruket frå mange hald. Forbrukarane uttrykte stor forståing for bøndene sine reaksjonar og aksjonar. Den store mediemerksemda og den breie oppslutnaden som kom til uttrykk er mykje verd for landbruket. Dette stadfester at det er oppslutnad om at vi skal ha innanlands matproduksjon og at samfunnet verdset den innsatsen som bøndene gjer for å halde vedlike velstelte kulturlandskap og ikkje minst skape grunnlag for levande bygder.

Eg meiner bestemt at den breie støtta som landbruket har i samfunnet er meir verd enn både eit og fleire jordbruksoppgjør. Ja, i valet mellom brei forbrukarstøtte eller større forståing i departement og regjering er eg ikkje i tvil om at forbrukarstøtta er viktigast.

Vi har alle ein viktig jobb å gjere i å oppmuntre dei dyktige bøndene våre til å stå på vidare.

Eg vil ønskje alle ein god sommar!

Auka forbruk av økologisk mat

Fylkesmannen i Rogaland har knytt seg til føregangsfylka for auka forbruk av økologisk mat i storhushald Østfold og Oslo og Akershus.

Økologiske føregangsfylker blei etablert i 2010. Målet er å utvikle fungerande verdikjeder og desse fylka har i 2014 fått styrka nasjonalt ansvar. Tilknytning til føregangsfylka inneber at det ble sett i gang med aktivitetar også i Rogaland. Ifølge prosjektleiaren i Rogaland, Annabell Pfluger, blir tiltaka i første omgang mot barnehagar og SFO. Prosjektet er i ein fase der det blir arrangert kurs for barnehage- og SFO-tilsette om korleis økologiske produkt blir ein del av serveringa utan å auke matbudsjettet særleg.

Ideen er at kvar barnehage og SFO set opp egne milepælar, og at dette blir forankra blant personalet. For å kunne bruke gode eksempel og erfaring frå praksisen, blei det avtalt samarbeid med «fadderbarnehagar» i både Stavanger og Haugesund - barnehagar som allereie nyttar fleire økologiske produkt. Her kan barnehagar og SFO-ar hente informasjon og få tips frå andre med erfaring dersom dei møter utfordringar.

I slutten av mai deltok 19 engasjerte tilsette i barnehagar og SFO på kurs i Haugesund. I juni vil same matkurs bli arrangert i Stavanger.

Meir om økologiske føregangsfylke:

<https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/okologisk-landbruk/foregangsfylker>

Kontaktperson: Annabell Pfluger



Foto: Annabell Pfluger

Autorisasjon – handtering og bruk av plantevernmiddel

I perioden 01.11.2013-22.05.2014 har 73 personar fornya autorisasjonsbeviset. 129 personar har bestått eksamen førstegangsautorisasjon, og 19 av desse var skuleelever.

Kontaktperson: Wenche Knudsen



Foto: Sissel C. Endresen

Dalane Young Farmers

Bygdeutviklaren i Dalane, Kenneth Bakkehaug, tok i vår initiativ til å starte ein organisasjon for ungdom med landbrukstilknytning i Dalane.

Inspirasjonen var henta ifrå Jæren Young Cowboys sitt arbeid. Det blei teke kontakt med Jon Magne Egeland og Solbjørg Byberg, som begge to er flinke og oppegåande ungdommar frå Helleland. Saman blei det lagt planar for eit opningsmøte, der dei inviterte Jæren Young Cowboy til å komme å fortelje om korleis dei organiserte seg på Jæren. På dette møte møtte over 40 ungdommar mellom 15 og 35 år. Det blei valt eit styre, og Anbjørn Grønning blei valt til styreformann.

Grappa, som fekk namnet Dalane Young Farmers, har no 42 medlemmer på Facebook. Dei har som mål å arrangere sosiale og faglege treff. Dei har som ambisjon å få til om lag 3 møter i halvåret. Det første møtet blei arrangert i slutten av mai, og då var Nortura representert og snakka om sau og ku.

Kontaktperson: Kenneth Bakkehaug

Dømd til fengsel for juks med mjølkeleveransar

To produsentar i fylket og ein tilsett i Q-meieriene er dømd til fengsel på vilkår og bot for unndraging av overproduksjonsavgift på mjølk.

Av saka kjem det fram at det eine involverte føretaket hadde nådd eige kvotetak. Som følgje av dette, vart ca. 20 000 liter mjølk registrert som levert frå eit anna føretak. Dette vart ordna av ein tilsett på Q-meieriet. Føretaket som mjølka vart registrert på, hadde ikkje nådd eige kvotetak, og leveransen utløyste derfor ikkje overproduksjonsavgift. Dersom mjølka hadde blitt registrert på rett føretak, ville mjølkeleveransen utløyst ei overproduksjonsavgift på over kr. 70 000.

Dommen legg vekt på at saka gjeld bedrageri av offentlege midlar på eit område som byggjer på tillit, og blir samanlikna med skatteunndraging. Dei tre involverte i saka har alle innrømme forholdet. Den tilsette på Q-meieriet erkjente og straffskuld for eit tilsvarande forhold, der overproduksjonsavgifta ville utgjort kr. 13 500.

Kontaktperson: Linn Borsheim



Nye fakta om vassforskrifta og landbruket

Bioforsk har laga fleire faktaark med oppdatert informasjon om tiltak for å betre vassmiljø i landbruksområde.

Desse faktaarka er tilgjengelege på Bioforsk sine nettsider.

- [Lenkje til faktaarka](#)

Samarbeid i dyrevelferdssaker – retningslinjer for utveksling av info

Mattilsynet og Statens landbruksforvaltning har no utarbeidd felles retningslinjer for utveksling av informasjon i saker der det er brot på dyrevelferdslova.

Målet er mellom anna å sikre at saker der det er brot på dyrevelferdslova blir handtert mest mogleg likt i heile landet. Det skal og hindre at offentlege midlar skal gå til å sikre det økonomiske driftsgrunnlaget til føretak som bryt dyrevelferdslova.

Mattilsynet skal sende kopi av eit bestemt utval av vedtak om brot på dyrevelferdslova til kommunane og Fylkesmannen. Kommunane skal følgje opp sakene der dei har vedtaksmynde. Fylkesmannen vil få informasjon om brot på regelverk i eige fylke for å kunne følgje opp eigne vedtak og kommunane sine vedtak.

Varsling

Dersom kommunen eller Fylkesmannen ved kontroll av føretak eller ved tips eller av annan grunn mistenker brot på dyrevelferdsreglane, skal alltid Mattilsynet varslast. Mattilsynet har ein eigen «varslingsknapp» på sine nettsider.

Kopi av vedtak/saker

Ved brot på dyrevelferdslova skal Mattilsynet sende kopi av følgjande vedtak/saker til aktuell kommune og fylkesmann:

- Hastevedtak – gjeld saker som er så alvorlege at dei krev strakstiltak
- Saker der produsenten ikkje har etterkome pålegg innan fastsett frist
- Saker som blir meldt til politiet

Mattilsynet skal og informere landbruksforvaltninga om andre saker som dei bør kjenne til.

Kommunen og Mattilsyn skal vurdere om det er aktuelt å gjennomføre felles kontroll/tilsyn hos objekt/føretak.

Meir informasjon

- [Felles retningslinjer for utveksling av informasjon i dyrevern saker](#)
- [Mattilsynet - varsling](#)

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

Jordbruksoppgjeret 2014

Her er ei kort oppsummering av konsekvensane når det gjeld produksjonstilskot og avløysartilskot ferie og fritid.

Endring i grunnvilkår

Kravet om enten å vere registrert i MVA-registerert som landbruksføretak eller ha ei omsetjing på minimum 20.000 kroner i løpet av siste året er no fjerna. Botnfrådraget er i staden auka til 6.000 kroner. Desse endringane gjeld allereie frå søknadsomgangen i august 2014.

Miljøplan

Forskrift om miljøplan blir avvikla frå 1.1.2015. I staden blir krav om gjødslingsplan og sprøytejournal teken inn i ny forskrift om produksjonstilskot. Internkontrollen som skal dokumentere det miljømessige ved jordbruksdrifta skal bli ivaretatt gjennom KSL.

Arealtilskot

Arealtilskot – framleis regional differensiering, men strukturdifferensieringa blir fjerna.

Tilskot til husdyr

- Maksimalbeløpet blir dobla til 560.000 kr/år.
- Det blir og gitt tilskot til mjølkekyr utover dei første 50 dyra, til storfe utover dei første 250 dyra og til sau utover dei 300 første dyra.
- Det blir innført eit produksjonskrav til mjølkeku og ammeku – dei må ha kalva i løpet av siste 15 mnd.
- Felles kategori for sau – ikkje skilje på vinterfôra sau og utegangarsau.

Avløyasing ferie og fritid

- Det blir krav om dokumentasjon for alle typar føretak, også samdrifter.
- Avløysartilskotet skal berre utbetalast til søkjaren, ikkje til avløysarlag.

Nytt regelverk

Det blir ein gjennomgang av regelverket for produksjonstilskot og avløysartilskot ferie og fritid. Ny forskrift er planlagt med verknad frå 1.1.2015.

Samdrifter

Frå 1.1.2015 blir særreglane for samdrifter i kvote-forskrifta, PT-forskrifta og jordbruksavtalen avvikla. Eigarskapsavgrensinga i PT-forskrifta blir fjerna. Det betyr at samdriftsmedlemmer framleis kan få produksjonstilskot til separat produksjon i eige føretak, med det føreset at det ikkje er driftsfellesskap mellom føretaka.

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

Klimaskadar på skog

Uvanleg langvarig og sterk vind i desember og januar har ført til skadar på skogen.

Det er skadar i stort omfang, både i plantefelt, på eldre skog og på gran og furu. Det er skadar både ut mot kysten og i indre strok av fylket. Skadebilette synest å gjelda heile Vestlandet. Sitkagran har greidd seg best i det uvanlege veret.

Ein del skog er eller vil døy ut i løpet av året, men vi reknar med at storparten av den eldre skogen vil kome seg. Det vil bli tilveksttap og det kan bli kvalitetstap. Dei kommunale rapportane som blir levert i desse dagar vil gi ei oversikt over tilstanden i plantefelta og juletreplantasjane rundt i fylket.

Barkbillefeller

Store mengder skada skog vil kunna bli yngleplass for biller. Det er særleg granbarkbillen som kan bli eit problem. Det blir aktuelt å setja ut såkalla barkbillefeller med feromon for å overvaka utviklinga. Kommunane vil då bli viktige brikker i denne overvakinga, både når det gjeld innkjøp og utsetting av feller og den etterfølgjande overvakinga.

Rapportering

Skog og landskap har ein eigen portal for [skoghelse](#). Her oppmodar dei alle som observerer skogskadar av noko omfang til å leggje dette inn i portalen. Det vil gi skogforskinga eit betre overblikk over skadar slik at dei kan disponera ressursane der behovet er størst.

Kontaktperson: Lars Slåttå



Foto: Lars Slåttå

God summer!

